



Svenn Roger Hjartsjø Lerøy
Strandvegen 41
3920 Porsgrunn

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/631 - 23/5010

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
31.05.2023

Løyve til tiltak på gbnr 158/12 - Lerøy

Administrativt vedtak. Saknr: 055/23

Vi syner til søknad motteke 15.05.2023

Vedtak

Det vert godkjent oppføring av platting omkring naust i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-4, 29-2 og 29-4, samt naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:

1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.

Saksutgreiing:

Tiltak.

Søknaden gjeld oppføring av platting med areal (NS 3940) opplyst til å vere på ca. 58 m².

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje naudsynt.

Planstatus



Eigedommen ligg i uregulert innafør det som i kommuneplanen for området er definert som LNF-område. Å leggja ein treplattung oppå grusen/stein her er eit tiltak som er akseptabelt. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med plan. Det vil ikkje virka privatiserande.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Kommunen finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland.

Situasjonsplan og terrengprofilar

Tiltaket er teikna inn med tilstrekkeleg målsetting (avstand bustad til andre bygg, avstand bustad til nabogrenser, avstand bustad senter veg). Situasjonsplanen viser terrengendringar som følgje av det nye tiltaket. Plattingen vert omkring naustet i aust.



Areal av bygninger, konstruksjoner og parkering i dag:


40 m²

Areal av bygninger, konstruksjoner og parkering etterpå:

98 m²

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.



Omsøkt plattung omkring naust i aust

Konklusjon:

Det vert godkjent oppføring av plattung omkring naust som vist i søknad.

Ålmenta har tilgang til strandområdet, det kan ikkje skiltast privat eller ingen adgang.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Mottakere:

Svenn Roger Hjartsjø Lerøy

Strandvegen 41 3920

Porsgrunn